

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Berit M.Eskeland	FE - 482	15/1533

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
23/2016	Formannskapet	PS	02.03.2016
26/2016	Kommunestyret	PS	16.03.2016

Elbil strategi - kommunal tenestebilpark

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I juni 2015 vart det fremma ei politisk sak (FS-sak 73/15) om den kommunale tenestebilparken der administrasjonen fremma sak om anskaffing av fleire hybridbilar for å redusere klimagassutslepp frå den kommunale bilparken. I Formannskapet vart saka utsett. I samband med behandling av budsjett for 2016 (KS-sak 140/15) vart følgjande vedteke: «Kommunestyret vil også be om at rådmannen snarast legg fram sak om innkjøp av elbilar jfr. FS sak 73/15».

Vurdering

Meland kommune har ikkje elbilar i tenestebilparken i dag. Bilparken består av 36 bilar. Av desse er 21 bilar som går på bensin/diesel og 15 er hybridbilar. Størstedelen av bilparken består av mindre personbilar som primært vert nytta av heimetenestene. Ved utskifting av desse bilane vil det vere mogleg å gå over til elbilar ettersom det fins mange elbil alternativ på marknaden. Teknisk sektor har større varebilar, og her vil det vere vanskelegare å finne gode alternativ. Sannsynligvis vil dette endre seg dei næraste åra med nye modellar på marknaden.

Ved overgang til elbilar er det behov for fleire ladestasjonar. I dag er det berre to ladestasjonar i parkeringskjellaren på Meland sjukeheim. Elles er det to ladestasjonar på innfartsparkeringen på Frekhaug og tre hurtiglادestasjonar under planlegging på Frekhaug senter. Dette er offentlege ladestasjonar som ein ikkje kan vente er tilgjengeleg når det er behov. Kommunen må difor etablere fleire ladestasjonar som er forbeholdt den kommunale bilparken. Dette må gjerast før ein fornyar bilparken med elbilar. Det vil vere behov for å sette av investeringsmidlar for å bygge ut ladestasjonar. Nøyaktig kostnad vil administrasjonen kome tilbake til ved handsaming av økonomiplan 2017-2020.

For å sikre at elbil strategien vert ivareteke på ein god måte, og at detaljane knytt til kostnader og anskaffingsstrategi (kjøp eller leasing) vert nøyare kartlagt, vil det bli satt ned ei administrativ

arbeidsgruppe. Uansett om ein velgjer kjøp eller leasing vil det måtte settast i gang ein anbudsprosess. Det same gjeld sannsynlegvis for anskaffing av ladestasjonar. Gruppa vil bestå av representantar frå heimetenestene og teknisk sektor som har ansvar for dei fleste bilane i dag.

Folkehelse – ikkje relevant

Miljø - mindre utslepp frå den kommunale bilparken

Økonomi – må utgreisast nærare

Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret ber om at ein plan for overgang til el-bilar blir utarbeidd i 2016 og innarbeidd i økonomiplan investering. Ved utskifting av bilparken skal el-bilar veljast når det er driftsmessig mogeleg.»

Formannskapet - 23/2016

FS - behandling:

FS - vedtak:

«Kommunestyret ber om at ein plan for overgang til el-bilar blir utarbeidd i 2016 og innarbeidd i økonomiplan investering. Ved utskifting av bilparken skal el-bilar veljast når det er driftsmessig mogeleg.»

Kommunestyret - 26/2016

KS - behandling:

KS - vedtak:

«Kommunestyret ber om at ein plan for overgang til el-bilar blir utarbeidd i 2016 og innarbeidd i økonomiplan investering. Ved utskifting av bilparken skal el-bilar veljast når det er driftsmessig mogeleg.»